

# **Årsmelding 2016**

## **Kinsarvik Bygdekvinnelag**

Årsmøtet 2015 vart halde i kantina på Heradshuset 9.11.15.

Det møtte 23 medlemmer.

Program : Anita Bråvoll underheldt med fint toradarspel.

Etter at årsmøtesakene var gjennomgått , fekk me servert gryterett og marsipankake frå Spar.

Det var 2 av styremedlemmene som hadde sagt frå seg verva , Audhild Buddenbaum og Aslaug Hauge Utne. Dei fekk gāve og velfortent takk frå leiaren.

Styret for 2016 har vore sett saman slik :

|               |                      |
|---------------|----------------------|
| Leiar :       | Helene Olsen         |
| Nestleiar :   | Gunn Berit Beck      |
| Kasserar :    | Gudbjørg Grønsdal    |
| Skrivar :     | Jorunn Nornes Opedal |
| Styremedlem : | Gunnlaug Sande       |
| Studieleiar : | Anne Karine Brandt   |

Ansvarleg for laget si heimeside : Gudbjørg Grønsdal

|             |                                        |
|-------------|----------------------------------------|
| Varafolk :  | 1 Margareth Moberg                     |
|             | 2 Trine Hilstad                        |
|             | 3 Gerd Solberg                         |
| Valnemnd :  | Aslaug Hauge Utne og Elin Liland Skår  |
| Turnemnd :  | Margrete Øvstdal og Anne Karine Brandt |
| Revisorar : | Ingrid Sekse og Audhild Buddenbaum     |

Laget har dette året hatt 36 medlemmer. 5 medlemmer har meldt seg inn og 3 medlemmer har meldt seg ut. Kontingenget vert no kravd inn sentralt og har vore kr 630 , der kr 130 går til HBK.

Laget sponsar ein del av utgiftene til mat på årsmøtet ,og har heller ikkje teke loddpengar /kaffipengar på medlemsmøta, med unntak på oktobermøtet.

Styret har hatt 7 styremøte, av desse 3 møte med Bu og Ringøy Bygdekvinnelag , elles ein del kontakt via telefon og e- post.

Laget har hatt 8 medlemsmøte , inkludert 2 bakedagar i eldhus , og har skipa til eller delteke i 4 arrangement.

#### **Medlemsmøta laget har hatt gjennom året :**

##### **1 Adventsmøte 14.12.15.**

Medlemmene hadde bede med seg gjester.

Program : Oddmund Hus fortalte om gamle joleskikkar.

##### **2 Medlemsmøte 11.01.16.**

Program : Gunnhild Jåstad snakka om « Økologisk fruktdyrking»

Ho hadde illustrasjonar som ho viste via power point. Foredraget enda med ein quiz med spørsmål frå innhaldet.

##### **3 Møte på Broto saman med asylsøkjarar /innvandrarkvinner 8.02.16.**

Flyktningkonsulent Gunn Berit Beck orienterte litt om situasjonen for flyktningar og asylsøkjarar i Ullensvang. Nokre kvinner vart intervjuar.

Elles var det song og musikk. Me hadde både norsk og syrisk mat. Det vart steikt mjølkekaker på direkten , fleire både norske og utenlanske prøvde seg, og fekk oppskrift.

##### **4 Medlemsmøte 14.03.16.**

På dette møte hadde me ikkje noko spesielt tema eller program. Men det vart eit orienteringsmøte. Bl.a. vart det orientert om dette : -Storbasar i tilknyting Fjordahallen

-Årsmøte til HBK på Ullensvang Hotell

-Tur

-KBK skal vera vertskap på HBK

sitt årsmøte i 2017

## **5 Tur til Stalheim**

Den årlege vårturen gjekk i år til Stalheim på Voss. 14 stykk deltok med Gunn Berit Beck som sjåfør. På Stalheim vart me mottekne av Trygve Dugstad som viste oss rundt på museet. I tillegg fekk me høyra om Per Sivle som voks opp på Stalheim. Etterpå fekk me servert god mat på hotellet. Sløv om det var grått og regnfullt , fekk me nyta utsikten ned i Nærøydalen.

På heimvegen var me innom Jaunsens Gjestgiveri i Granvin. Der me fekk servert kaffi og eplekake. Me hadde ein vellukka tur.

## **6 Bakedag i eldhuset på Bråvoll 7.06.16.**

## **7 Bakedag i eldhuset på Bråvoll 8.06.16.**

## **8 Medlemsmøte 10.10.16.**

Temaet for kvelden var « Ville vekstar» som er NBK sin råvareaksjon for 2016/2017.

Me hadde ein liten utstilling av bøker som omhandlar emnet , og smaksprøvar av saft/syltetøy laga av ville vekstar. Alle som møtte opp, fekk heftet : « Utdrag frå boka : Frå naturens spiskammer» Boka « Frå naturens spiskammer» vart loddad ut etterpå.

Denne kvelden hadde me loddsal, alle hadde med seg gevinstar.

## **Arrangement som laget har skipa til , eller delteke på.**

## **1 Basar til inntekt for inventar og utstyr til Fjordahallen 3.04.16.**

Me stilte med krotakaker til åresalet ( 1 dag med baking i eldhuset på førehand )

Elles stilte me med andre gevinstar, kaffi og kaffimat.

## **2 Kakebasar ved Bostova 11.06.16.**

Utlodding , auksjon og sal av krotakaker , anna bakverk og plantar. I tillegg selde me kaffi, saft og kaffimat. Kakedagen er ei årleg tilstelling etter fleire dagar med bakedugnad i eldhuset. Det møtte ca 60 personar i varmt og fint sommarver.

## **3 Bygdekvinnestreif på Voss 1.10.16.**

Me var 4 frå styret som var på HBK sitt Bygdekvinnestreif på Stronda , der dei lokale bygdekinnelaga var vertskap. Gro Hagen Urheim hadde eit interessant kåseri om emnet «Ville vekstar». Den siste sekvensen på streifet stod Thor Brekkeflat for. « Ingen er berre det du ser» , var hovudbodskapen hans. Som mangeårig gateprest i Bergen hadde han fleire eksempel på kor lett det er å setja stempel på folk ut frå kva ein ser. Elles var leiaren både i NBK og HBK der , og hadde sine innlegg.

## **4 Samarbeid med Kinsarvik skule 11.10.16.**

Laget meiner det er viktig at dei unge får kjennskap til gamle mattradisjonar. Derfor har me kvar haust ein dag i eldhuset , der elevar i 7. klasse får prøva seg på baking av krotakaker.

11 kjekke og blide elevar møtte opp. Kakene vart både fine og gode. Det var stolte elevar som bar med seg kaker heim den dagen.

## **Andre aktivitetar**

### **1 Samarbeid med Frivilligsentralen**

Nokre medlemmer har delteke på strikkekafe/sosialt samver ein dag for veka.

### **2 Tiltak tilknytta asylsøkjarar / innvandrarar**

Fleire gonger har eldhuset vore nytta som «ope hus » for innvandrarar og asylsøkjarar. Dette for å gjera lokale baketradisjonar kjent for dei , og for å gi dei ei avveksling i kvardagen. Dei har vore med på medlemsmøte (nemnt tidligare ), og dei har også vorte tekne med på rundtur i bygda for å verta kjend med historiske bygningar , som kyrkja og Borstova.

### **3 Samarbeid om Fjordahallen**

-Laget har hatt fleire møte saman med andre lag i bygda om innreiing av hallen, bl.a. kjøkkenet.

-Hjelpt til ved dugnad.

-Kaffimat til dognadsfolk.

#### **4 Gåturar**

Me har hatt ein bærtur i Husemoen, og ein gåtur over Indre Bu ,

og 4 onsdagsturar på kveldstid.

#### **5 Førebuing av årsmøtet til HBK**

Styret har hatt 3 samarbeidsmøte med Bu og Ringøy Bygdekvinnelag. Der me bl.a. har arbeidt med : - Helsing som skal stå i HBK si årsmelding.

- Framsidebilete til årsmeldinga
- Invitasjon med bilet
- Skaffa lokale annonsørar
- Gåve til årsmøtedeltakarane
- Skaffa foredragshaldar og underhalding

#### **6 Loddsal for HBK**

Laget har delteke i loddsal for HBK. Halvparten av inntektene gjekk til laget vårt.

#### **7 Ymse**

-Me deltok i konkurransen « Årets lokallag»

-Etter førespurnad frå redaktøren for «Bygdekinner», medlemsbladet til NBK, sende me skriv om kva arbeid me gjer for asylsökjarar /innvandrarar.

-Me hadde ei helsing i årsmeldinga til HBK i 2016.

#### **Innkjøp til laget**

Det har vorte kjøpt inn 1 par bunadssko.

I samarbeid med Bu og Ringøy Bygdekvinnelag har det vorte kjøpt inn ein støvsugart til eldhuset på Bråvoll.

### **Løyvingar og gåver**

Hårteigen 4H ca kr 650,- ( fruktkorger)

Ullensvang Skulem.l. ca kr 650,- (fruktkorger)

Gevinst til basar for Fjordahallen kr 1200,-

Stønad til prosjektet »skautefelling» kr 3000,-

Stønad til ferdiggjering av filmen «Vegen til idrettsmerkestatuettene» kr 2500,-

### **Søknad om gave til ålmennytige føremål våren 2016.**

Kinsarvik Bygdekvinnelag har saman med andre lag i bygda sendt ein felles søknad til Sparebankstiftinga Hardanger om midlar til prosjektet : « inventar og utstyr til Fjordahallen».

Sparebankstiftinga Hardanger løyvde kr 300.000. Midlane er øyremerka dette prosjektet.

### **Utsendingar til møte.**

Årsmøte i HBK på Ullensvang Hotell - 2 utsendingar

Møte med styringsgruppa for Fjordahallen - 2-3 utsendingar

Fleire møte med gruppa for inventar og utstyr i Fjordahallen.

### **Til leige**

Brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunad til gutter.

### **Vevstove**

Laget disponerer eit rom i Borstova til vevstove. Den har ikkje vore i bruk dei siste åra.

Jorunn Nornes Opedal

skrivar

Helene Olsen

leiar

